

Seksjon for Habilitering

## Autisme - Kva er det ?

### Seksjon for Habilitering

Du kan søkje på nettsida til Seksjon for habilitering, etter ytterlegare informasjon.

Du finn oss under [www.helse-sunnmore.no](http://www.helse-sunnmore.no), søk på barneavdelinga og vår seksjon kjem opp

Denne brosjyra er utarbeida gjennom prosjektet "Frå barn til vaksen med autisme", 2010

#### Kort informasjon om autismspekteret



# Autisme ?

## Kjenneteikn

Autisme er ei diagnose innan samleomgrepet gjennomgripande utviklingsforstyrning. Saman med m.a. barneautisme, atypisk autisme og Asperger syndrom talar ein om autismespekteret. Funksjonshemminga er varig og kjem i kategorien symptomdiagnose. Symptoma varierar frå person til person og frå alder til alder. Autisme gir forstyrning i utvikling og viser seg i kommunikasjon, sosialt samspel og gjennom gjentakande og avgrensa åtferd. Vanskar gruppa har, gjer at dei fleste treng individuell tilrettelegging på dei fleste områder.

Fleire har tilleggdiagnosar eks. innan epilepsi, psykiske vanskar og utviklingshemming. Ein reknar at så mange som 75 % har ei form for utviklingshemming, men også dei som har ein IQ innan normalområdet har ofte store vanskar knytt til forståing og sanseopplevingar. Vanskar rammar 1-5 pr. 1000, flest gutar. Tala varierar ut frå kriteria som er tekne med. Årsakene er samansette og nyare forskning viser at fleire gener kan vere involvert. Forskarar er einige om at psykososiale faktorar eller spesielle opplevingar i barndommen ikkje gir autisme. Symptoma kan vere tilstades frå fødselen av, eller dei kan vise seg seinare, men som regel før 3 år.

SOSIALT har ein person med diagnosen autisme avgrensa evne til samhandling og avgrensa forståing/oppfatting av andre sitt perspektiv. Ein kan m.a. sjå det som uvanleg samspel og som uventa reaksjonar på sanseintrykk, kroppskontakt og initiativ frå andre. Sosial kompetanse varierar ut frå individuelle føresetnader, tilrettelegging og dagsform. Blikkontakt vert ofte opplevd som annleis og kan vere både fråverande og/eller inntens.



## Autismeforeninga i Møre og Romsdal

Autismeforeninga i Møre og Romsdal (AMR) er tilknytt Autismeforeninga i Norge.

Fylkeslaget er først og fremst ei forening for pårørande . Ca 160 medlemar representerer 110 personar innan spekteret Autisme og Asperger.(2009)

Styret består av fem medlemar og to varamedlemar.

Foreninga har hovudfokus på medlemsretta arbeid, direkte retta mot pårørande. Foreninga medverkar i arbeidet med å sette i gang foreldregrupper og likemannsarbeid.

Foreninga arbeider for å få til større arrangement retta mot medlemar.

Interessepolitisk arbeid som brukarrepresentantar i helseforetaka, premissleverandør i ulike arbeidsgrupper og deltaking i arrangement for pårørande er hovudfokus nr. to.

Foreninga deltek også når kommuner, fagforeiningar og andre har arrangement som gjeld tenestetilbodet til personar med autismediagnose  
Meir info: <http://mr.autismeforeningen.no/>

## Kvar finn ein fagstoff?

Informasjonen i denne brosjyra er teken frå Autismeforeininga både i Noreg og Danmark. Litteratur av Wing L, Martinsen, M & Tetzner S, Gerland G, Schølberg S er brukt og informasjon frå Spiss Kompetanseservice og Videnscenteret. Andre informantar kan eks. vere dei ulike helseføretaka og nettstaden "Vår Vei" (var vei)

Dette vert å sjå som ei kort innføring i eit stort og omfattande emne der eit viktig råd vert å søke hjelp frå fagfolk ved behov.

Ved å bruke nettet finn ein mykje informasjon frå mange ulike fagfolk og nettstadar. Det er verdt å merke seg at all informasjon ikkje er god eller riktig, spør fagfolk!

Når ein person får ei diagnose innan autismespekteret, har personen ofte krav på eit tilbod frå hjelpeapparatet. I tillegg til individuelle tilbod, har både Psykisk helsevern og Seksjon for habilitering tilbod til foreldre gjennom kurs og foreldregrupper. For fagfolk finst det tilbod om kurs og samlingar i autismentnettverk.

Det finst mykje faglitteratur både frå forskning og frå personar med egne erfaringar eller erfaringar som pårørande. Vi kjem med nokre få eksempel:  
"Kjære Gabriel", Halfdan W. Friehow (ein far fortel)  
"En riktig menneske" Gunilla Gerland (har sjølv diagnosen)  
"Den merkelige hendelsen med hunden den natten" Mark Haddon (skjønnlitterær bok)  
"Kristin og de andre" DVD  
"I en annen verden" DVD  
"Autism, svårigheter og muligheter" Bok og DVD Gunilla Gerland

Likemannsarbeid eks gjennom Autismeforeininga i Møre og Romsdal er nyttig for mange. Samtidig er det verdt å merke seg både for foreldre og fagfolk at alle personar med diagnosen er unike, slik at all tilrettelegging/hjelpemidlar må individuelt tilpassast.



## Kjenneteikn fortsetter

Evna til å KOMMUNISERE er sterkt varierende både når det gjeld talespråk og forståing. Mange ha vanskar med gangen i ein samtale og mange har ei konkret språkforståing. "Hopp over middagen" kan då bety å sette fatet med mat på golvet og hoppe over. Gjentakning av ord er vanleg, og talen kan vere monoton med lite variasjon i talerytme og tonefall. Personen kan snakke "bokmål" sjølv om bustad skulle tilseie ei anna dialekt. Dei fleste brukar og forstår lite mimikk, gestar og kroppsspråk, eller det kan vere manglande samsvar mellom tale og mimikk.

ÅTFERDA har ofte eit avgrensa repertoar prega av gjentakning og rutinar. Personen brukar gjenstandar på ein uvanleg måte eks sette gjenstandar i rekke eller sortere dei framfor å bruke dei. Ellers er uvanleg stor interesse for ting som kan snurre, dunke, luktes på, lyser eller blinkar vanleg. "Uvanlege" sanseopplevingar og forståingsvanskar kjem til uttrykk i for andre "uforståeleg" åtferd. Dette kan føre til store vanskar i kvardagen. Nokre har eit svært høgt aktivitetsnivå, andre er passive og fjerne.

## Råd og tips

Personen er i stor grad avhengig av vår tilrettelegging for å kunne realisere egne evner. Det er derfor viktig at føresette, nærpersonar og fagfolk får tilbod om opplæring i kva det vil seie å ha diagnosen, slik at tilrettelegging kan kome i gong.

Tilrettelegginga krev individuell og kontinuerleg tilpassing, sjølv om ulike teoriar gir noko ulike råd. Ei kartlegging av personen og familien sine behov, vil avgjere korleis ein best kan gi hjelp og støtte.

Generelle råd :

-Lage god struktur med konkrete rammer og reglar rundt alle aktivitetar. Det for å hjelpe personen til å kunne gjenkjenne og forstå kva som skal skje/er venta av personen.

-Overgongar er vanskeleg for mange. Førbeu endringar som skal skje. Mange nyttar aktivitetsplanar tilpassa personen for å lette overgong frå ein aktivitet til ein annan. Start tidleg og ha god tid.

- Kommunikasjon krev konkret arbeid. Mange treng hjelp til å forstå bruk av språk som kommunikasjon. Dette kan gjelde både personar med talespråk og dei som eventuelt treng eit alternativt eller supplerande kommunikasjonsmiddel (ASK) eks bilete.

-Sosial kompetanse krev aktiv læring. Personen må ofte lære kva som er vanleg å gjere i ulike leikar, skuletimar, fritid m.m  
Konkrete oppskriftar på aktivitetane, der ein framhevar korleis og kva ein gjer vert for mange ei god hjelp. Fleire hjelpemidlar finst. Eks. "Sosiale historier", "Comic strips" "Kat-kassen"

- Vanskane kan for nokre personar føre til åtferd som er vanskeleg å handtere. I slike tilfelle vil det ofte vere bruk for målretta og systematisk arbeid over tid. For å lukkast må eit nært samarbeid mellom omsorgspersonar og fagfolk til.

## Kven kan hjelpe?

Helsestasjon og fastlege er gjerne fyrste instans for samarbeid. Det er fastlegen saman med foreldre og eventuelle andre samarbeidspartar som søker spesialisthelsetenesta ved behov.

Kommunene er ulikt organisert. Fastlege, helsestasjon og kommunene sine servicekontor er gode informantar. Det er eit kommunalt ansvar å få på plass koordinator som leier ansvarsgruppe og tek del i utarbeiding av IP m.m.

I Helse Sunnmøre har Psykisk helsevern ansvar for personar med Asperger syndrom og Seksjon for habilitering ansvar for personar med diagnosen autisme.

PPT skriv etter kartlegging av barnet sin funksjon ei sakkunnig vurdering for å sikre retten til spesialundervisning både i barnehage og skule. PPT gir rettleiing lokalt.

NAV skal kunne informere og sikre ein person lovmessige rettar både i notid og framtid.